# Avtale
# om forvaltningsansvar
# for Hisøy friluftsområde

Mellom **Friluftsrådet Vest** (heretter "friluftsrådet") og **Dr. Christian Heitmanns legat** (heretter "legatet") vert det frå 1. juni 2011 inngått føljande avtale om avgrensa forvaltningsansvar på Hisøy, gnr /bnr 76/6, i Bømlo kommune:

- Friluftsrådet overtek ansvaret for tilsyn og drift av Hisøy friluftsområde (Sjå vedlagt kart for lokalisering og avgrensing av området)
- Friluftsrådet sitt ansvar avgrensar seg til friluftsbruken av området, til generell opprydding av søppel og anna forureining forårsaka av denne bruken.
- Friluftsrådet har ansvaret for at hovudstiane på øya blir rydda jamleg og er godt framkommelege for dei besøkande.
- Friluftsrådet kan tilretteleggja området for friluftsbruk og gjera nødvendige installasjonar for å fremja slik bruk, t.d. byggja fast brygge eller setja ut flytebrygge.
- All tilrettelegging vil skje i nært samråd med legatet og vil verta utført når dei økonomiske tilhøva ligg til rette for det, t.d. etter løyvingar frå offentleg myndigheit.
- Friluftsrådet har ansvaret for merking, skilting og informasjon i friluftsområdet.
- Legatet skal framleis stå som eigar av eigedomen.
- Legatet har ansvaret for vedlikehald og bruk av bygningane på øya.
- Legatet har ansvaret for skog og hogst på øya.
- Begge partar kan seia opp avtalen med eitt års skriftleg varsel. Dersom legatet seier opp avtalen, kan friluftsrådet krevja at eigeninnsats ved eventuelle investeringar blir refundert.

Dato: 28.05.2014

For Dr. Christian Heitmanns legat

Håkon Haveland

- Styreformann.

Etter avtale i Styret den 26.06.2014

Bømlo Kommune
Landbruksavd.
5430 Bremnes

Dato: 28.05.2014

For Friluftsrådet Vest

Oddvin Øvernes

Oddvin Øvernes
Dagleg leiar

Oversiktskart (1:100 000)




Detaljkart (1:10 000)

